

PROTOKOLL
MØTE I REGIONRÅDET NORDHORDLAND

Møte: 4-2015
Tid: Fredag 22. mai kl. 10:30 - 13:30
Stad: Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Til stades:

Ordfører:	Jon Askeland, Kari F. Aakre, Astrid A. Byrknes, Kristin Handeland, Hallvard Oppedal, Per Lerøy, Karstein Totland, Nils Marton Aadland,
Rådmenn:	Øivind Olsnes, Jarle Landås, Svein Helge Hofslundsen, Reidun Halland, Ørjan Raknes Forthun, Ingvild Hjelmtveit, Jan Olav Osen, Vidar Bråthen, Odd Ivar Øvregård
NUI:	Rune Heradstveit, Bent Gunnar Næss og (sak 28/15), Håkon Matre (sak 28/15)
Andre:	Sak 28/15: Thore Gaard Olaussen, Respons og Ottar Olsvold, Reservebenken Sak 31/15: Ove Lunde, HOG Energi
Forfall:	Knut Moe

Sak 26/15	Godkjenning, møteinnkalling og sakliste Møteinnkalling og sakliste vart godkjent utan merknadar.
Sak 27/15	Godkjenning, møteprotokoll møte 3-2015 Møteprotokoll frå møte 3-2015 vart godkjent utan merknadar.
Sak 28/15	Bu- og jobbtrivsel i Nordhordland. Resultat av spørjeundersøking utført av Respons (vedlegg) Thore Gaard Olaussen Respons og Ottar Olsvold, Reservebenken presenterte spørjeundersøkinga som vart gjennomført i februar (vedlegg). Undersøkinga er tidlegare presentert på eige arrangement 19. februar på Dampen. Ottar Olsvold innleia og sa litt om bakgrunnen for undersøkinga. Bl.a. er det ei oppfølging etter omdømmeseminar på Lune Huler sist haust. Thore Gaard Olaussen orienterte så om detaljane i undersøkinga. Undersøkinga omfattar ikkje kommunane Gulen og Osterøy. Dette var eit val oppdragsbestiller og Reservebenken gjorde tross at NUI prøvde å få med også desse kommunane. NUI har likevel valt å støtta undersøkinga med litt midlar. Ottar Olsvold understreka at undersøkinga gir gode tilbakemeldingar om status for tenester m.v. i kommunane i Nordhordland. Dette er positive signal som kommunane bør kommunisera ut til innbyggjarar, tilsette og kommunestyre. Han håpa at kommunane legg undersøkinga ut nettsider m.v.
Sak 29/15	Informasjon om båtrute Hellesøy-Hernar-Fedje (vedlegg) Per Lerøy informerte om initiativ til båtrute mellom Øygarden og Nordhordland. Bakgrunn for initiativet er bl.a. «Strategisk næringsplan» med fokus på reiseliv og havsport – øyhoppingskonseptet, Kysteventyret 2010 og omlegging av destinasjonsselskapsstrukturen i reiselivet. Ruta vil knyta saman Region vest og Nordhordland, og byggjer på eksisterande båtrute Hellesøy-Hernar. Ei rute vidare til Nordhordland vil opna for spennande rundturar / øyhopping kombinert med sykkelturisme. Øyhoppinga kan skje vidare til Solund og med sykkel til Masfjorden / Lindås m.v. Hovudmål er å få fleire turistar til Sotra/Øygarden og Nordhordland, og auka verdiskaping i reiselivsnæringa. Delmål er: <ul style="list-style-type: none"> ▪ Produktutvikling knytt til opplevings- og aktivitetsbasert turisme. ▪ Etablering av fleire - varierte overnattingstilbod og spiseplassar.

	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Styrka eksisterande - og utvikla nye kultur- og naturbaserte attraksjonar. ▪ Betre tilrettelegging for sykkelturisme. <p>Ein planlegg med to avgangar dagleg t/r i 10 veker til ein kostnad på om lag kr 270 000 Hordaland fylkeskommune vil støtta med 50% eller 33%, restfinansiering vil då vera mellom kr 135 000 – 180 000. Dette vert fordelt 50-50 mellom Region vest og Nordhordland. Kostnad for Fedje og Austrheim vil vera om lag kr 33 000 - 45 000. Dersom fleire kommunar i Nordhordland vert med, vert det lågare kostnad pr. kommune.</p> <p>Vedtak Regionrådet sender saka til Kulturutvalet for vidare oppfølging.</p>
<p>Sak 30/15</p>	<p>Saker NUI Rune Heradstveit informerte om desse sakene:</p> <p>Regionalt næringsforum Regionalt næringsforum kjem på besøk til Region 11. juni. Hordaland fylkeskommune har bedt NUI laga eit program i samråd med Industrietvikling Vest. Rune Heradstveit kjem tilbake med program og utfyllande informasjon til ordførarane i Austrheim, Lindås og Meland.</p> <p>Status Region Nordhordland Helsehus</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ LINK arkitektur er valt som arkitekt. ▪ Det er kome inn åtte anbod på Prosjekteringsgruppe / rådgjevande ingeniørar. Evaluering av tilboda er ferdig neste veke. ▪ Saksutgreiing om utviding av areal og lån er sendt til kommunane for kommunestyrehandsaming. Alle kommunane har fått tilbod om besøk frå styret / administrasjonen. <p>RTP 2018-2029 Første versjon av Regional transportplan Hordaland vart vedteke av fylkestinget 12. desember 2012 og gjeld for 12-årsperioden 2013 – 2024, med eit handlingsprogram for perioden 2013 – 2017. Det vert lagt opp til at ny regional plan skal gjelda for perioden 2018 – 2029, med eit handlingsprogram for perioden 2018 - 2021. Sak om oppstart av Regional transportplan Hordaland 2018 – 2029 vart handsama av fylkesutvalet den 19. februar. Fylkesutvalet vedtok å starte opp arbeidet, og at samferdselsutvalet skal utgjera politisk kontaktutval. Fylkestinget har oppnemnt Atle Kvåle (Ap) til saksordførar for Regional transportplan Hordaland 2018 - 2029.</p> <p>For å medverka i arbeidet med utforming av eit framlegg til planprogram og regional plan, er det etablert ei administrativ prosjektgruppe under leiging av fylkesdirektør samferdsel Håkon Rasmussen. Fylgjande etatar/organisasjonar har fått invitasjon til delta: Bergen kommune, Regionråda i fylket (administrasjonen), Statens vegvesen , Fylkesmannen, Jernbaneverket , Kystverket, og Avinor.</p> <p>Det vert lagt opp til ei framdrift i planarbeidet som sikrar eit vedtak i fylkestinget juni 2017. Slik vil RTP kunna leggjast til grunn for budsjett- og økonomiplanprosessen hausten 2017. Rune Heradstveit har allereie deltatt i fyrste møte i den administrative prosjektgruppa, og vil informera kommunane fortløpande. Heradstveit føreslo at Regionrådet set ned ei gruppe som på vegne av regionen byrja å jobba med RTP 2018-2029.</p> <p>Vedtak: Regionrådet vedtok at Næring- og samferdsleutvalet er ansvarleg på vegne av regionen å jobba med RTP 2018-2029.</p>
<p>Sak 31/15</p>	<p>Meldingar og eventuelt</p> <p>Status og framtid for leverandørbedriftene i Hordaland (vedlegg) HOG Energi (interesseorganisasjon innan olje og gass i Hordaland) har på oppdrag frå Hordaland fylkeskommune gjennomført ei undersøking som gir eit innblikk i status og framtid for leverandørbedriftene i Hordaland med hovudfokus på SMB-verksemder. Dagleg leiar Ove Lunde presenterte undersøkinga – og gav tydeleg signal om korleis han vurderer situasjonen for leverandørverksemdene framover. Næringane opplever generelt situasjonen som dramatisk framover, og dei fleste har store kostnadsutfordringar.</p> <p>Lunde meinte at næringane må ta dette innover seg, og at dei må tenkja nytt – t.d. klynge. Han viste til Sotra der om lag 20 verksemder har sett seg ned i lag, og ser på korleis dei kan samarbeida betre.</p>

	<p>Lunde oppfordra også politikarane til å ta tak i situasjonen - og vera med finna vegen inn i «den nye tida». Mange sentrale politikarar m.v. snakkar om «det grønne skiftet», men veldig få fyller det med innhald. Kva betyr dette? Han bad om at ordførarar og politikarar gjerne etterspør kva Regjering / Stortinget meiner med det grønne skiftet. Det må få eit innhald!</p> <p>Deretter debatt rundt bordet. Fleire takka for eit interessant og tankevekkande innlegg.</p> <p>Lunde peika vidare på at me har fleire verdsleiande kompetansemiljø i regionen (fylket), men me har ikkje klart å setja det saman på ein god nok måte. Samarbeid og samspel må til! Ein må jobba med næringane og få dei til å gå saman og samarbeid på ein betre og nyskapande måte.</p> <p>Nordhordland er ein region som kan ta tak i dette og leia an. Vidare må ein sjå kva ein skal gjera av akutt tiltak og kva ein gjer meir langsiktig. Lunde meinte det burde koma eit politisk initiativ frå Nordhordlandsregionen til fylkeskommunen om at ein er svært bekymra for situasjonen som har oppstått, og at ein tek denne på alvor og at ein må ha stor fokus på å løysa dette på best mogeleg måte.</p> <p>Han meinte at me burde hatt eit regionalt biogassproduksjonsanlegg knytt til Mongstad og at regionen burde gå i dialog med Statoil om dette. Statoil har no oppretta ein eigen avdeling for fornybar energi.</p> <p>Tankar og innspel som kom fram var:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Me har eit snevert næringsfokus i regionen. ▪ Det må bli større fokus på utdanning- og forskingssida, både hos UIB og HIB. Viktig å engasjera forskingsmiljø / høgskular / universitet om å ha fokus på arbeidsplassar som ikkje allereie er funne opp. ▪ Fylkeskommunen bør gjera eit framstøyt mot sentrale styresmakter. ▪ Ein bør kunne be fylkeskommunen om at det vert laga ein plan med konkrete tiltak for kva Hordaland må fokusera på av tiltak framover. ▪ Det vart peika på at dette ikkje berre må vera strategi for arbeidsplassar (eksisterande og nye) innan olje/gass, men også for nye næringar. <p>Vedtak: Regionrådet vedtok å forfatta ein uttale og be om eit møte med fylkesordførar.</p>
	<p>Status sak med Austrheim og Statoil og reguleringsplan i høve innføring Johan Sverdrup Per Lerøy informerte kort om møtet Austrheim kommune hadde hatt med Statoil i Stavanger. Partane står nærare kvarande no enn det inntrykket ein hadde tidlegare. Kommunen og Statoil er enige om at når ein legg sak ut på høyring, bør kommunen og Statoil vera omforent enige om krav m.v.</p>
	<p>Verneplan Lurefjorden. Astrid Aarhus Byrknes informerte om at Plan- og miljøutvalet i Lindås kommune har avvist Fylkesmannen si høyring vedrørende verneplan Lurefjorden. Dette fordi den set for store framtidige avgrensingar for kva ein kan gjera og ikkje gjera kring Lurefjorden.</p>

Knarvik, 10. juni 2015



Jon Askeland
Leiar
Regionrådet Nordhordland



Rune Heradstveit
Dagleg leiar
Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Vedlegg:

- Sak 28/15 Resultat av spørjeundersøking utført av Respons
- Sak 28/15 Presentasjon - spørjeundersøking utført av Respons
- Sak 29/15 Presentasjon - båttrute Hellesøy-Hernar-Fedje
- Sak 31/15 Status og framtid for leverandørbedriftene i Hordaland
- Sak 31/15 Presentasjon - leverandørindustrien i Hordaland - status og framtid for SMB